

# OSTERØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Formannskapet	28.09.2011	121/11	ROH
Plan- og kommunalteknisk utval	12.06.2013	088/13	MBNH
Plan- og kommunalteknisk utval	04.12.2013	131/13	MBNH

<b>Saksansvarleg</b> May Britt Nesje Hernes	<b>Arkiv:</b> N-504 <b>Objekt:</b>	<b>Sak ID</b> 11/2257
--	---------------------------------------	--------------------------

### DETALJREGULERING - FV 567 - LOFTÅS - HAUGE - GANG OG SYKKELVEG

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

"1. Plan- og kommunalteknisk utval har i medhald av plan- og bygningslova §12-12 handsama framlegg til detaljregulering for Fv567 Loftås- Hauge, plannummer 1253 2012 002, med innkomne merknader.

2. Plan- og kommunalteknisk utval vedtek i medhald av pbl §12-12 detaljregulering for Fv. 567 Loftås-Hauge, plannummer 1253 2012 002, med plankart og føresegn datert 20.11.13 og planskildring datert 05.06.13 ".

04.12.2013 PT-131/13 UTVALET SI HANDSAMING:

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### SAMANDRAG

Statens vegvesen har utarbeidd forslag til detaljregulering av Fv 567 Loftås- Hauge. Plankonsulent er Constrada. Føremålet med planarbeidet utbetring av vegen og å leggje til rette for gang og sykkelsti.

**Planforslaget var førstegongs handsama 12.06.2013, og har no vore ute på høyring og offentleg ettersyn. Det er komen inn 6 merknadar. Ein av merknadane har ført til ei lita justering i plankart og føresegn. Planen er no klart for 2. gongs handsaming og vedtak. Reguleringsplanen er i tråd med overordna plan og vedtaksmynde er delegert til plan- og kommunalteknisk utval jf. HS 065/11. Rådmannen innstiller på at planen vert vedteke slik den ligg føre.**

#### **FAKTA**

På vegne av Statens Vegvesen har Constrada utarbeidd eit framlegg til detaljregulering av om lag 1,5 km av Fv 567 frå Loftås til Hauge. Føremålet er å betre trafikktryggleiken og auke tilgjenge på strekninga. Dette skal gjerast ved utbetring av eksisterande veg for å oppnå betre linjeføring og bredde i tråd med gjeldande regelverk, på heile strekket. I tillegg vert det regulert inn gang- og sykkelveg langs heile traseen. Planområdet omfattar eit belte på begge sider av fv. 567, mellom Loftås og Hauge. Areal rundt vegen er delvis regulert til midlertidig riggområde og vil etter anleggsperioden tilbakeførast til areal tilsvarande i kommuneplanen.

Planforslaget vart handsama i plan- og kommunaltekniskutval 12.06.13 og har vore ute på høyring og offentleg ettersyn. Frist for å kome med merknad var 23.08.13. Grunna manglande arkeologiske registreringar fekk Hordaland Fylkeskommune utsett høyringsfrist til 15.11.13. Det er komen inn 6 merknadar.

#### Endringar i planframlegget:

Avkøyrslane med køyreveg er nummererte og i f\_KV21 er det teikna inn pilmarkering som syner tilkomst til gnr 4, bnr 7. Ny føresegn 3.2.4 sikrar same gards- og bruksnr tilgang til køyrevegen

#### Merknader:

##### NVE, 15.07.13

Vegen kryssar elva to gonger. Vi er nøgde med at det er teke inn i føresegnene at brua dimensjonerast for minst 200 års flaum. NVE har elles ikkje merknader til planframlegget.

#### Rådmannen sin vurdering:

Takast til etterretning

##### Statens vegvesen, 05.08.13

Statens vegvesen har ingen merknader til planframlegget.

#### Rådmannen sin vurdering:

Takast til etterretning

##### Leif Hauge, 11.08.13

«Gnr. 4 bnr. 7 har følgende kommentarer til gang & sykkelveiprojektet:

1: I Statens Vegvesen (ing. Solberg) sitt møte 25.06.2012 med grunneiere på Hauge Skule, ba jeg om å få oversendt kart som viste detaljert planavgrensning, samt framdriftsplan for planarbeidet og bygging. Jeg har pr i dag (11.08.2013) ikke mottatt noe som helst utover meddelse om vedtak og denne høring.

2: Gnr. 4 bnr. 7 har areal på begge sider av hovedveien, med tilhørende tilkomstveg fra hovedvei til arealet på vestsiden av hovedveien (fra 1932). Jeg kan ikke se at dette er markert på plantegninger som ligger til gjennomsyn. Det må sikres at gang- & sykkelvei ikke stenger for adkomst, men at tilkomstvei opprettholdes.

3: I tilknytning til eventuell utvidelse/avretting av hovedvei i retning nordover fra gnr 4 bnr 7, gjøres det oppmerksom på at det ligger vannledning til gnr. 4 bnr. 7 på areal på østsiden av hovedveien tilhørende gnr. 3.»

Rådmannen sin vurdering:

1. Dette er mellom vegvesen og grunneigar. Det er sjølvsagt beklagelig om det er lova eit kart som ikkje vart sendt. Rådmannen vurderer likevel at det har vore høve til å sette seg inn i planforslaget gjennom open kontordag og varsel om oppstart og i høyringsperioden.
2. Denne tilkomsten synes ikkje i kommunen sitt grunnkart, økokart eller på ortofoto. Det synes ein tilkomst til nabotomta 4/1, som ligg rett ved eigedomsgrensa. I plankartet er det no sett inn ei pilmarkering for å sikre tilkomst og tilgang til vegen er sikra gjennom føresegn.
3. Dette må takast omsyn til ved utbygging.

Fylkesmannen, 13.08.13

Planframlegget verkar grundig gjennomarbeidd og Fylkesmannen har ingen vesentlege marknader til planen.

Rådmannen sin vurdering:

Takast til etterretning

Thomas Mørk, 21.08.13

«I siste skrivet/detaljreguleringen fra dere er det beskrevet svar til meg som dette: eiendommen har i dag ikke egen avkjørsel og det er ikke laget noen avkjørsel i ny plan. Bustaden kan bli innløyst! Mitt spørsmål er da som følger: Er det en nødvendighet for meg å ha innkjørsel til tomten? Kan jeg søke om innkjørsel sammen med en bygge søknad og er dette da noe dere vil godkjenne? Lurer også på hva dere legger i ordene innløyst? Blir det da skaffet til veie en ny tomt? Er veldig interessert i å bygge på denne tomten da det er sentralt og en fin tomt. Ønsker ett begrunnet svar fra deres side og hva dere tenker.»

Rådmannen sin vurdering:

Fritidsbustaden ligg utanfor plangrensa og er ikkje regulert vekk i planforslaget. Kommentaren til Thomas Mørk sitt innspel i oppstartfasen er noko uheldig formulert. Området er avsett til bustad, ikkje LNF slik det står i planomtalen. Eventuell løyve til å bygge bustad vil måtte vurderast ved ein eventuell søknad til kommunen.

Hordaland Fylkeskommune, 28.10.13

Den arkeologiske registreringa vart utført 24.09.13. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Hordaland fylkeskommune er positive til at vegen vert utbetra og at det vert lagt til rette for gåande og syklande, og har ingen merknader til planforslaget.

Rådmannen sin vurdering:

Takst til etterretning

## **RÅDMANNEN SI VURDERING**

Rådmannen syner til vurderingane over og rår til at planen vert vedteke slik han ligg føre.

Dato for saksutgreiing: 21.11.13

Trykte vedlegg:

Planskildring, datert 05.06.13

Plankart, datert 20.11.13

Føresegner, datert 20.11.13

Merknad frå NVE, 05.07.13

Merknad frå Statens vegvesen, 05.08.13

Merknad frå Leif Hauge, 11.08.13  
Merknad frå Fylkesmannen, 13.08.13  
Merknad frå Thomas Mørk, 21.08.13  
Merknad frå Hordaland Fylkeskommune, 28.10.13